

**SAK 47/24 BEREDSKAPSSAMARBEID I HALLINGDAL****Saksopplysing:**

I sak 3/24 fatta Regionrådet slikt vedtak:

«*Det regionale beredskapssamarbeidet kan styrkast basert på dei erfaringane som kommunane sit med etter Hans og andre hendingar. Regionrådet ber kommunedirektørutvalet vurdere kva områder i det regionale beredskapssamarbeidet som bør styrkast og legge fram dette i ei sak til Regionrådet før sommaren 2024.*»

Kommunedirektørutvalet har fått innspel frå beredskapskoordinatorane i kommunane, og har i sitt møte den 14. juni behandla saka og gjort følgande vurdering.

**Vurdering:**

Kommunedirektørutvalet meiner at det regionale beredskapssamarbeidet kan styrkast ved å gjera følgande tiltak:

- Starte arbeidet med regional ROS, med særlig fokus på hendingar som involverer fleire kommunar
- Beredskapskoordinatorene bør ha faste møte.
- Ein bør ha årleg regional beredskapssamling med kriseleiinga i kommunane, nødetatar og samvirkeaktørar. Teoridel med aktuelle tema, samt øving. Mediehandtering er ein svært viktig del av kommunal kriseleiing og bør øvast særskilt for sentrale ledd i kriseleiinga.
- Kommunane i størst mogeleg grad brukte felles planmalar
- Beredskapskoordinatorane bør delta som observatørar når kommunane øver internt.
- Kommunane bør vera innstilt på å stille opp for kvarande med personell og utstyr når ei krise oppstår (følger også av loven)

Kommunedirektørutvalet meiner ikkje at ein bør innføre desse tiltaka:

- Jobbe mot en felles kriseleiing for Hallingdal eller at kriseleiinga skal ha oppmøtestad utanfor kommunen
- Tilsette ein overordna beredskapsfunksjon.
- Felles utstyrslager, då dette kan svekke den totale beredskapen lokalt.
- Kommunedirektørane er skeptiske til å skulle overta kriseleiinga i ein annan kommune, men det er stor vilje til å hjelpe til og til å ha støttefunksjonar.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet tek KRU si tilråding til orientering.

Hallingdal, 18. juni 2024

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar